Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. tillegg til nr 7

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Skav

Oppskr. av: Guri Lomundal

(adresse): Vassli bredtun

Fylke: Sör Tröndelag

Herad: Vinje

Bygdelag: Hemne

Gard: Vassli

G.nr. 125 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Har alder høurt, at krötterhandlara sette större pris poa skav=fora krötter.
2 Nei det har eg heller alder høurt
3 Har ikkje høurt at mjölka var direkte skadeleg for verken folk hell fe. Men at slik mjölk var serleg beisk kan eg minnast.
4 Skav vart berre nytta sist om vaaren i nödstilfelle, samen med anna hjelpe-for som lyng, björkekvist, som vi let vanleg kalla „beit" og som tang og tarre som fraa gammelt har vorre bruka i sjölve sjödestrikta i Hemna. Men skav fraa Rogn og Aasp var hälde for aa ha mer næringsverdi hell skav fraa Björk og ellest alle desse föremne eg nemner.
5 Eg har alder høurt nokko om at det vart bruka serleg reiskap til skaving. Kunde einast vara sponklivarkniv for dem som aatte slike. Ellest vart vanlege skarpe slirekniva (Tolle=kniv) mest bruka. Eg kan og minnast at vi borna bruka vanlege skarpslipa

9140

matkniva. Sponklivarkniven er berre eit lunt beint eggjarn, med egg paa ei sie, og eit rummsmia tre-skaft i kvar enne. Passe stort for handloven.

6 Har alder høyrt eller sett nokko slikt verken skavljoa eller den stolpen De nemner.

7 Skav vart bruka soa lite her. Var berre eit nød-for siste vaarmoanaden - eller i høgda to moanader. Soa det vart sjeldan spursmoal om slikt. Ein verklig aarsak her trur eg har vore, att Hemne er og har vore ei slik skogbygd, der alle gardsbruk har mer eller mindre skog. Aa soa enda mer - at lauv og barre var baade eit bedre og sikrare føremne.

8. Det er vanskeleg aa svara paa. Kunde kansje i riktig gamel tid ha vorre tilfelle.

9 Eg er ikkje sikker paa om det finds allmenningskog i Hemna.

10 Det trur eg knapt. For noar ein ska skava, lyt ein hogg ned heile treet. Aa i slike høve lyt ein husmann ha serskjilt lov av lannverten. Men eg kan tenkje meg til, at det vanlege var at ein husmann og laut faa skavre noar han var i for-nö - sjølsakt mot ekstra godtjersle. Men eg har alder høyrt dette forholde nemt - eller sett det i nokkon husmans bøkselseddel. Ein lyt i denne samenheng tenkje paa kor lite pris det var paa slik skog, som Aosp og Rogn i gamle dagar. Einast brukbart til gardsved.

9140
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11 Skav-helle er eit namn eg alder har høirt. Heller ingenting som har samenheng med dette. Skavinga jekk for seg heime paa garden. Da treet vart kjøvt eller drege heim. Somme skava i fjøsjele eller fjøze Somme i smia eller eldhuze. Var og sett gammelt folk og born som helt til inne i stua og skôv.

12. Nei eg har ikkje høirt nokko om Nissen eller Smoa-kallan som vi sie her, ha nokko med skavinga. Men forde kan det godt ha vorre ei tru om dette og i gamle dagar. Er ialfall sikkert, at „Smoa-kallan" ha ein brei plass i folks tankeliv – sesleg i arbeie.

Eg kom til aa tenkje paa, att ein Husmann og ha rett til aa høgg i skogen i somme høve. Men da jekk lannverten med, og samtykkte i høgsten – eller „anville" som det kallast.

Vossli 8° marts 1954

Guri Lemundal

Vossli Brevhus.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING